


## Prosjektskildring

### System for foreldrerettlegg

**Snakke  
saman**

**Vere  
saman**



**Ein god barndom** varer heile livet

**VÅGSØY**



**Interkommunalt prosjekt**

**Selje, Vågsøy og Eid 2014-2016**

## Innhald

1. Bakgrunn for prosjektet.....	s.3
2. Metodisk fremgangsmåte.....	s.4
3. Resultat.....	s.4
4. Implementering med fokus på rolle- og oppgåvefordeling.....	s.8
5. Plan for implementering frå hausten 2016.....	s.11
6. Oversikt over verktøy i Sjumilssteget.....	s.12

**Illustrasjonsfoto framside:** Lånt frå handlingsplanen «Barn sin trivsel – vaksne sitt ansvar» utarbeida av Utdanningsdirektoratet.

## 1. Bakgrunn for prosjektet

---

**Bakgrunn:** Prosjektstøtte frå Fylkeskommunen gjennom Sjumilssteget for å sette barna sine rettar etter barnekonvensjonen på dagsorden. Prosjektet er 2-årig og er eit interkommunalt samarbeid med Eid, Selje og Vågsøy med oppstart juni 2014. Prosjektleiartilling i 50% med prosjektmedarbeider i til saman 50% frå kommunane. Vågsøy kommune har vore vertskommune for prosjektet.

**Prosjektgruppe:** Helga Skartveit (prosjektleiar 50%), Toril Sande (prosjektmedarbeider 10%, Selje), Torill Furnes Myhre (prosjektmedarbeider 20%, Vågsøy), Anne-Grete Eikås (Prosjektmedarbeider 20%, Eid). Heidi Alice Vederhus (Vågsøy), Grethe Sandven (Eid), Ingrid Stave (Selje) og Elin Kråkenes (foreldrerepresentant).

**Styringsgruppe:** Ørnulf Lillestøl (Selje), Harald Sivertsen (Eid) og Ove Steinar Aksnes (Vågsøy).

### Prosjektmandat:

- *Utarbeide eit system for å rettleie foreldre frå svangerskap til og med ungdomsskule. Gje foreldra føresetnad for å kunne vere gode foreldre*
- *Årleg samling med nettverksgrupper for foreldre med relevante tema/grupperettleiing. Vedlikehald over år.*
- *Tema ved individuelle konsultasjonar / samtalar.*
- *Samordne tenestene til beste for barn og unge.*

(Mandatet er henta frå prosjektsøknaden).

### Hovudmål:

- Styrke, engasjere og motivere foreldre i rolla si for å sikre barn gode og kompetente omsorgspersonar.

### Fokus i prosjektet:

- Helsefremmande og forebyggande profil med fokus på tidleg innsats. Tiltaka er universelle og retta mot alle foreldre. Ein avgrensar mot behandlande tiltak. Eit mål er likevel å formidle til foreldra at det ikkje skal vere høg terskel for å søke kontakt når ein har eit særskilt behov.

- Fokus på foreldreansvar og sjølvhjelpsstrategiar. Ein vil styrke, motivere og engasjere foreldre ved å sette fokus på viktige foreldrerettleiingstema gjennom oppveksten.
- Fokus på dialog, relasjon og fellesskap i eit empatisk miljø.
- Tverrfagleg innsats for å lage eit system for rettleiing i dialog gjennom heile oppveksten.

## **2. Metodisk framgangsmåte**

---

Kvar kommune har organisert seg i ulike tverrfaglege ressursgrupper knytt til ulike fasar i oppveksten. Ressursgruppene har vore: Svangerskap, fødsel, barsel og spedbarn, Småbarn, Barneskule og Tenåringar. Prosjektet har også henta inn erfaringar frå foreldra gjennom ulike møte med desse. Prosessen er gjennomført for å skape breidde i drøfting av tiltak, og for å forankre prosjektet i dei ulike einingane. Tiltaka er utarbeidd etter innspel i ressursgruppene, foreldrene sine behov, erfaringar frå andre kommunar og drøfting i prosjektgruppa. Dei faste tema som ligg til grunn årleg er valt ut på bakgrunn av foreldre og tenestene sine innspel. For meir utfyllande informasjon om prosessen viser ein til dokumentet “Oppsummering av arbeidet i ressursgruppene”.

## **3. Resultat**

---

System for foreldrerettleiing “Snakke saman - vere saman” handlar om å sette rettleiinga i system og sikre at foreldre får tilbod om rettleiing og aktivitet gjennom barnet sin oppvekst. Systemet er at dei ulike tenestene tek opp ulike tema med foreldra på relevante tidspunkt i oppveksten i allereie eksisterande møtepunkt der foreldra er. Dette kan til dømes vere ei barselgruppe eller eit foreldremøte. Tiltaka skal stimulere til meir dialog mellom foreldre og tenestene og motivere til samhald mellom foreldre. Fellesskap og samhald med andre barn og vaksne gir kvart barn sosial kompetanse og kjensle av å høyre til. Sjumilssteget motiverer difor foreldre og barn til å vere saman for å skape eit trygt oppvekstmiljø. Prosjektet har difor utarbeidd ulike verktøy for å oppnå dette.



## Snakke saman - Vere saman

Snakksaman om viktige temagjennom barndommen

**Tiltak 1: Bruke dialogark på kvart årstrinn med bestemte foreldrerettleiingstema.**

**Bruke aktivitetsark med forslag til aktivitetar for foreldre og barn.**

**Årlege tema:**

Svangerskap og småbarn	Barneskule	Tenåring
<b>Svangerskapet:</b> Førebuing til foreldrerolla <b>0 år:</b> Bli begeistra for barnet ditt <b>1 år:</b> Tilvenning <b>2 år:</b> Språkstimulering <b>3 år:</b> Trygge voksne – trygge barn <b>4 år:</b> Vennskap <b>5 år:</b> Skuleførebuing	<b>1.klasse:</b> Skulestart <b>2.klasse:</b> Leselyst <b>3.klasse:</b> Fysisk aktivitet og kosthald <b>4.klasse:</b> Nettbruk <b>5.klasse:</b> Søvn <b>6.klasse:</b> Å tåle kjensler <b>7.klasse:</b> Å forstå seg sjølv og andre	<b>8.klasse:</b> Eigne, gode val <b>9.klasse:</b> Å vere god nok <b>10.klasse:</b> Godt oppvekstmiljø



## Snakke saman

### Grunngjeving for dialog:

- Foreldra sine meingar er viktige. Å lytte til foreldra sine behov og tankar kring eit tema gjennom refleksjon anerkjenner foreldra som “ekspertar” på sitt barn.
- Det er lettare å finne løysingar på ei utfordring når alle partar får fortelje sin versjon av utfordringa.
- Løfte fram foreldreansvaret, jfr Barnelova, § 30.
- Dialog aukar motivasjon til å gå inn i eit tema. Rein informasjon om kva ein burde gjere kan auke motstand mot følgje “gode råd”.

### Korleis fremje dialog kring bestemte tema:

- Bruke dialogark på svangerskapskurs, på barseltreff og på foreldremøte som eit verktøy i dialogen kring bestemte foreldrerettleiingstema. Dialogarket vert gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider slik at det vert lett å hente ut og å redigere ved behov.
- Dialogarka er utarbeida i prosjektet med hjelp av ulike fagpersonar som har særskilt kompetanse på aktuelt tema.

### Grunngjeving for aktivitet:

- Fremje samhald i foreldregruppa.
- Vere gode rollemodellar for barn i sosial læring.
- Foreldrefellesskap er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet mot mobbing
- Skape eit inkluderande og solidarisk voksenmiljø kring barna. Eit ope og positivt miljø vil gagne grupper som fell kanskje fell utanfor.
- Eit støttande foreldremiljø der det er god kontakt mellom foreldre er direkte støttande for barna si generelle utvikling.
- Gode relasjonar kan gi betre føresetnad for å løyse eventuelle konflikhtar



## Vere saman

### **Korleis fremje aktivitet hos foreldrene:**

- Bruke aktivitetsarket på barseltreff og foreldremøte for å gi foreldre høve til å skape eit inkluderande fellesskap. Arket er meint som ei hjelp til å komme i gang. Det er fokus på låg terskel, uformelle og nøytrale møteplassar og inkludering av alle i gruppa.
- Tenestene har eit meir-ansvar for å framsnakke og legge til rette for aktivitet. Foreldra har ansvar for å bidra og ta initiativ til konkrete aktivitetar.

### **Tiltak 2: Nytte spisskompetanse i helsestasjon, barnehage og skule i møte med foreldra.**

Til hjelp i dialogen med foreldra deltek aktuelle fagpersonar på utvalde foreldremøte.

Aktuelle aktørar er helsesyster, barnevern og rektorar.

### **Grunngjeving for spisskompetanse i rettleiinga:**

- Sikre høg kvalitet i dialogen med foreldra.
- Sikre tidleg innsats ved å jobbe meir førebyggjande på systemnivå.
- Synleggjere og ufarleggjere tenestene for alle foreldre. Gi meir informasjon om kva tenestene kan bidra med. Senke terskelen for å be om hjelp.
- Fremje relasjonen mellom tilsette i dei ulike tenestene.
- Gjennom eit system for foreldrerettleiing skapar vi heilskap i rettleiinga og gjev foreldra kjensle av kontinuitet i barnet sin oppvekst.



## 4. Implementering med fokus på rolle- og oppgåvefordeling

Implementeringsfasen vert prega av å gi dei ulike aktørane god informasjon og kunnskap om prosjektet. Leiarforankring er ein kritisk suksessfaktor. Leiarane si oppgåve med å fram- snakke Sjumilssteget og integrere tiltaka i eigne rutine er avgjerande. Tiltaka forankrast i einingane sine kvalitetssystem og årshjul. I følgjande tabell går det fram kva rolle den einskilde har. **Rolle – og oppgåvefordeling**

KVEN	KVA	KOR TID
<b>Rådmann</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etterspør Sjumilsstegsarbeidet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mai</li> </ul>
<b>Kommunalsjef helse og omsorg Kommunalsjef oppvekst</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomgår status og oppsummering i Sjumilsstegsarbeidet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>På styrar- og rektormøte i april</li> <li>På møte i Velferd</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etterspør Sjumilssteget</li> </ul>	
<b>Rådgjevar oppvekst Leiar Velferd Avd.leiar helsestasjon Avd.leiar Barnevern Avd.leiar Psykisk helseteneste</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikrar at tenestene bidreg på avtalte foreldremøte etter prosedyre i kommunen sitt kvalitetssystem.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>På tenestene sine interne personalmøte</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Reviderer prosedyrer i kommunen sitt kvalitetssystem.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Juni</li> </ul>
<b>Styrarar og rektorar, i samarbeid med tenestene</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avklare koordinering av dato for foreldremøte der tenestene skal delta. Sjå «Prosedyre for kvart årstrinn i Sjumilssteget».</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Styrar- og rektormøte i juni</li> </ul>
<b>Sjumilsstegsgruppa</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Evaluerer framdrift i implementering og justerer etter behov</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Juni</li> </ul>
<b>Tilsette i tenestene: Helsestasjon Barnevern Rektor PPT Psykisk helseteneste</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestene bidreg på foreldremøte med foreldrerettleinga. Kvar teneste må innarbeide sine oppgåver i eigne årshjul og kvalitetssystem. Sjå nærmare skildring i “Prosedyre for kvart årstrinn i Sjumilssteget”. Det er noko ulikt tilbod i kvar kommune:</li> </ul> <p><b>VÅGSØY</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Småbarn v/ 3 år: Barnevern Tema: <i>Trygge vaksne – trygge barn</i></li> <li>Småbarn v/ 5 år: Rektor Tema: <i>Skuleførebuing</i></li> <li>Skulebarn v/ 3.klasse: Helsesøster Tema: <i>Fysisk aktivitet og kosthald</i></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>På foreldremøte</li> </ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Skulebarn v /5.klasse: Rektor på ungdomsskulen. Tema: <i>Søvn</i></li> <li>○ SKulebarn v/7.klasse: Barnevern Tema: <i>Å forstå seg sjølv og andre</i></li> <li>○ Tenåring v/ 9.kl: Helsesøster og psykisk helseteneste Tema: <i>Å vere god nok.</i></li> </ul>	
<b>Barnehage: Styrar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informerer tilsette om Sjumilssteget «Snakke saman –vere saman».</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalmøte i barnehagen</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Motiverer pedagogisk leiar til å bruke dialogark og aktivitetsark i foreldresamarbeidet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• På pedagogisk møte</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legg til rette for tverrfagleg bidrag i foreldremøte på aktuelt alderstrinn etter «Prosedyre for kvart årstrinn».</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I forkant av foreldremøte</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Involverer foreldrerepresentantar i arbeidet med dialogark og aktivitetsark.</li> <li>• Gir opplæring i rolla som foreldrerepresentant.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• På møte med foreldrerepresentantar.</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Engasjerer foreldre i Sjumilssteget – «Snakke saman –vere saman» ved å framsnakke dialogark og motivere foreldra til aktivitet ved hjelp av aktivitetsarka.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• På felles foreldremøte</li> <li>• På møte med foreldrerepresentantar</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har overordna ansvar for at prosedyrene vert følgd</li> </ul>	
<b>Barnehage Pedagogisk leiar:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå “Prosedyre for kvart årstrinn i Sjumilssteget”</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldremøte</li> </ul>
<b>Skule Rektor:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informerer alle tilsette om Sjumilssteget «Snakke saman – vere saman»</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• På fellesmøte med tilsette om hausten</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Motiverer kontaktlærar til å bruke dialogark og aktivitetsark i foreldresamarbeidet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• På fellesmøte med tilsette om hausten</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legg til rette for tverrfagleg bidrag i foreldremøte på aktuelt alderstrinn etter prosedyre i Kvalitetslosen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I forkant av foreldremøte</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Involverer FAU-representantar i arbeidet med dialogark og aktivitetsark.</li> <li>• Gir opplæring i rolla som FAU-representant.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• På FAU-møte om hausten i forkant av foreldremøte i klassen</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Engasjerer foreldre i Sjumilssteget «Snakke saman – vere saman» ved å framsnakke dialogark og motivere foreldra til aktivitet ved hjelp av aktivitetsark.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>På felles foreldremøte</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Har overordna ansvar for at prosedyrane vert følgde</li> </ul>	
<b>Skule Kontaktlærer:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sjå “Prosedyre for kvart årstrinn i Sjumilssteget”</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>På foreldremøte</li> </ul>
<b>Alle tilsette i barnehage og skule:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Legg til rette for kvardagsdialog med foreldra</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dagleg</li> </ul>

## 5. Plan for implementering frå hausten 2016

---

Haust 2016	Vår 2017	2018	2019
<p>Implementering frå august</p> <p>Prosedyrene er lagt inn i kvar teneste sine årshjul.</p> <p>Introdusere Sjumilssteget fortløpande til alle nye foreldre på helsestasjonen med informasjon og brosjyre.</p> <p>Introdusere Sjumilssteget og dele ut brosjyre til alle foreldre frå svangerskap til 10.klasse. Bruke dialogark og aktivitetsark årleg på kvart alderstrinn gjennom barnet sin oppvekst.</p> <p>Tverrfagleg bidrag skal årleg inn i møte med foreldra.</p>	<p>Sjumilsstegsgruppa i kvar kommune evaluerer oppstart saman med leiarar i kommunen.</p> <p>Årleg evaluering på leiarnivå etter innspel frå foreldre og tilsette.</p> <p>Kvar kommune kan endre tema og tverrfagleg bidrag etter eige behov.</p>	<p>Sjumilsstegsgruppa og prosjektleiar (tilsett i ein mindre stilling) evaluerer og støtter framdrift av prosjektet i kvar kommune.</p> <p>Årleg evaluering på leiarnivå etter innspel frå foreldre og tilsette.</p> <p>Kvar kommune kan endre tema og tverrfagleg bidrag etter eige behov.</p>	<p>Sjumilsstegsgruppa og prosjektleiar (tilsett i ein mindre stilling) evaluerer og støtter prosjektet i kvar kommune.</p> <p>Årleg evaluering på leiarnivå etter innspel frå foreldre og tilsette.</p> <p>Kvar kommune kan endre tema og tverrfagleg bidrag etter eige behov.</p>

## 6. Oversikt over verktøy i Sjumilssteget

---

Alle verktøy i prosjektet skal ligge tilgjengeleg på kvar kommune sine heimesider frå juni 2016. Alle verktøy vert også utdelt til alle aktørar i prosjektet i form av ein Sjumilsstegsperm. Permen kan nyttast til å gjere Sjumilssteget kjend i kvar eining. Slik kan ein lett sette seg inn i innhaldet i Sjumilssteget.

### Innhald i permen:

- **Prosjektskildring:** Skildring av bakgrunn og innhald i prosjektet
- **Prosedyre for kvart årstrinn i Sjumilssteget «Snakke saman – Vere saman»:** Oversikt over kvar einskild si oppgåve på meir detaljert nivå.
- **Rettleiar til bruk av dialogark:** Eit A4-ark som gir informasjon om korleis ein skal bruke dialogarket.
- **17 dialogark:** Eit dialogark er eit A4-ark med årleg tema til bruk i foreldredialogen.
- **Rettleiar til bruk av aktivitetsark:** Eit A4-ark som gir informasjon om korleis ein skal bruke aktivitetsarket.
- **6 aktivitetsark:** Eit aktivitetsark er eit A4-ark som inneheld forslag til aktivitet for foreldra fordelt på seks fasar i oppveksten.
- **Evalueringskjema:** Eit A4-ark til utdeling til alle foreldre i 4.klasse for å få tilbakemelding på kva nytte dei har av dialog- og aktivitetsark.
- **Brosjyre:** To-sidig brosjyre til foreldre med informasjon om Sjumilssteget.
- **Plakat:** Eit A3-ark til å henge opp til informasjon om Sjumilssteget.
- **Powerpointpresentasjon til tilsette:** Ein kort presentasjon om Sjumilssteget retta mot tilsette som har behov for å sette seg inn i kva Sjumilssteget handlar om.
- **Powerpointpresentasjon til foreldre:** Ein kort presentasjon om Sjumilssteget retta mot foreldre som ønsker å vite meir om kva Sjumilssteget handlar om.